



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/227748-2

Dykkar referanse:
20/11230 –
20/75307

Vår dato:
16.12.2020

Uttale til begrensa høyring – Søknad om mindre planendring etter forenkla prosess jf. Pbl. § 12–14 – Eidsnes næringsområde – gnr. 244 bnr. 41 , 57 m. fl i Alver kommune – planID 1263–201115

Vi viser til varsel om mindre planendring av reguleringsplan for Eidsnes Næringsområde i Alver kommune, gnr. 244 bnr. 41 mfl. Brevet frå Alver kommune er dagsett 25.11.2020. Frist for uttale er sett til 18.12.2020.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttaler vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Saka gjeld

Planområdet ligg på Eidsnes i Alver kommune, med regulert tilkomst frå E39 i nord. Denne reguleringsendringa gjeld hamneformåla f_H2 og FH3 i gjeldande reguleringsplan. Næringsområdet er under utbygging og det er etablert tømmerkai innanfor arealformålet H1. Det er i samband med etablering av kai og pre-analyser av havbotn ved f_H2 og f_H3 funne at djupneforhold nærast land er uhensiktsmessig grunne. For å oppnå tilfredsstillande djupne for inn og utskiping må det gjennomførast omfattande inngrep og utsprenging i undersjøisk terreng.

Forslagsstillar ynskjer heller å utvide kaiarealet innanfor f-H2 og F_h3 , og å flytte kaifronten lenger ut i sjø til betre djupneforhold for å slik å redusere omfang av terrenginngrep i sjøbotn.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Av Planinitiativ/enkel planskildring vedlagt saka på høyring går det fram at tiltaket ikkje vil få trafikale konsekvensar verken til lands eller til sjøs.

Forslagsstillar skriv at gjeldande plankart ikkje viser siktliner/faresoner frisikt slik føresegner syner til. Det er i samband med søknad om mindre endring vurdert om det er mogleg å vise sikttrekantar for kryssa innanfor kartblad 1. For krysset lengst sør er det tatt høgde for siktkrav i eit uregulert kryss, dvs. at vegen gjennom planområdet må vere forkøyrregulert og/eller at kryssande vegar må regulerast med stopplikt. Konsulent er kjend med at skilting ikkje kan regulerast etter plan- og bygningslova.

Konsulent viser vidare til at fartsgrensa på forkøyrregulert veg, Fv. 5456 er høgare enn ved vedtak av gjeldande plan i 2012, noko som betyr at premissa som definerer naudsynt siktlengde er endra.

Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på Fv. 5456 skjer i dialog med Vestland fylkeskommune som er vegstyresmakt. Det er Alver kommune sitt ansvar å sjå til at trafikktryggleiken på kommunal veg og internt på planområdet vert ivaretatt.

Statens vegvesen kan ikkje sjå at omsøkte endringar vil være i konflikt med våre interesser knytt til pågåande arbeid med ny kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefet, nord for planområdet.

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Label_Kopi til
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER
VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG BERGEN, Postboks 7900, 5020
BERGEN